



ArkivSak: 20/230
JournalpostID: 21/1342
ArkivID: PlanID-0543R147,
K2-Q10, K2-L12
Saksbehandlar: Kenneth Monsen
Dato: 11.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/21	Kommunestyret	18.02.2021

Godkjenning av reguleringsplan E16 Hålimoen-Hausåker

Vedlegg:

12.02.2021	E16 Planbeskrivelse_Slidre nord	137914
12.02.2021	E16 Plankart_Slidre nord	137915
12.02.2021	E16 Reguleringsbestemmelser Slidre nord_v2	137916
12.02.2021	E16 Slidre nord støyrapport	137917
12.02.2021	E16 Øylo-Hande - skredfarerapport	137918
12.02.2021	Merknadsrapport_Slidre nord_høring nr 1	137919
12.02.2021	Merknadsrapport_Slidre nord_høring nr 2	137920
12.02.2021	oversendelsesbrev	137921
12.02.2021	overvannshåndtering	137922
12.02.2021	ROS-analyse Slidre nord	137923
12.02.2021	Samlerapport geoteknikk og ingeniurgeologi med vedlegg og tegninger	137924
15.02.2021	Teknisk plan	138069

Saksutgreiing:

Vestre Slidre kommune har motteke reguleringsplan for E16 Hålimoen-Hausåker til sluttbehandling.

Kommuna si uttale til førre høyring var følgjande (sak KS-82/20):

Kommunestyret i Vestre Slidre kommune gjev følgjande uttale til reguleringsplanarbeid for E16 Hausåker-Hålimoen:

- 1) Kommunestyret ber om at det vert teikna inn og etablert ca 2,5 km med utvida, einssidig skulder frå der gang og sykkelveg slutter ved Kvåle frem til Ellestadvegen. Dette kjem i tillegg til det som er planlagt med Lomen auto.*
- 2) Heile strekninga må vere etablert med nok busslommer slik at det er trygt å sende ungar med skulebussen.*
- 3) Det kan etablerast 2-sidig busslomme ved Lomen stavkyrkje dersom trafikktryggleiken vert ivaretake på den måten einssidig busslomme ville gjort ved skulebuss-skifte.*
- 4) Der det vert etablert utvida skulder, må denne asfalterast heilt ut.*

Det har kome mange innspel til denne plansaka. Men ettersom dette er ein statleg reguleringsplan, er det slik at Statens Vegvesen vurderer innkomne merknader og greier ut fordeler og ulemper med dei ulike løysingane som ligg i planen.

Imidlertid skal planen godkjennast av Vestre Slidre kommune, som er planmyndigheit for alle plansaker innafor kommunens grenser. I den samanheng kan kommunen setje nye krav til

planen/endre deler av innhaldet av planen, men alle vesentlege endringar må ut på nytt offentleg ettersyn.

SVV sine vurderingar knytt til Vestre Slidre kommune si uttale, er synleg i merknadsrapporten for 1. høyring på side 19-28.

For alle merknader til høyringa, visast det til merknadsrapporten. Administrasjonen går særskilt gjennom vurderingar knytt til kommunen si uttale, men ikkje meir gjennom dei andre merknadene då dette uansett er vurdert av SVV.

Vurdering:

Punkt 1:

Når det gjeld punkt 1 i kommunens uttale, er essensen frå SVV følgjande sitat:

E16 er i dag ikke egnet for mjuke trafikanter, da vegen mange steder har svært smal skulder og dårlig sikt i kurver. Med en breddeutvidelse av E16 til 8,5m inkludert asfaltert skulder på 2x 0,75 m og utretting av kurver, vil E16 bli mindre uegnet for mjuke trafikanter. For at E16 skal bli egnet for mjuke trafikanter må det bygges separat gang- og sykkelveg langs E16.

SVV grunngjev vidare at grunna for lite trafikk etter Håndbok N100, samt ingen skoler tilknytta E16 m.m. kan det ikkje forsvarast eigen adskilt gang- og sykkelveg.

Bruk av einssidig skulder er ikkje ein normert løysing på type H1 veg, og SVV oppgjev at dei berre får godkjent fråvik for utvida skulder for kortare strekningar i tilknytting til busshalde plassar. Dei frarår difor samanhengande einssidig skulder frå Kvåle til Ellestadvegen. Dersom dette skulle byggast, har dei anslått ei kostnadsramme på ca 10 mill. kroner for strekninga Kvåle-Ellestadvegen, dette til informasjon. Dei oppsummerer med at SVV frarår bruk av einssidig skulder slik skissert i kommunens punkt 1.

Imidlertid er dei villig til å diskutere ei anna løysing som inneber ein auke til totalt 9 meter breidde på strekkingen gang- og sykkelveg ved Kvåle (ved Knut Idstad G/Bnr 39/5)) fram til Løkjesberget (Thor Even Stee G/Bnr 37/2). Det inneber asfaltert skulder på 1 meter på begge sider av køyrevegen på denne strekninga, som er 1,6 km lang.

Det vert og ei ny løysing for Ringestadvegen, som gjer at mjuke trafikantar kan nytte denne (ihvertfall i sommarsesongen) langs strekninga ca frå gamle Kvamshall og bort til krysset mot Ellestadvegen. Her vil det bli lagt anleggsveg frå Ringestadvegen ved gamle Kvamshall og ned på E16 i sør som vil kunne nyttast som turveg seinare

Då gjenstår det i praksis berre strekninga om lag frå gamle Kvamshall og bort til Stee sitt hus. Her er imidlertid fjellskjeringa såpass bratt, at SVV ikkje vil legge inn nye tiltak her. Det som er sagt i møter med SVV og administrasjonen/ordførar, er at dei kan i byggefasen sjå på løysingar som kan tilpasse dette noko betre med å ikkje nytte helling på skråning på 1:2 som er vanleg, men ein noko slakare helling. Dette gjer at det ihvertfall kan fungere sommarstid med å kunne gå noko utanom vegbanen. Det vert uansett vanleg skulder på 0,75 m på kvar side her.

Den delen som tidlegare er føreslege frå SVV med utvida einssidig skulder kring Lomen Auto ligg fortsatt inne i planframlegget.

Punkt 2:

Kommunen sitt punkt 2 er i stor grad imøtekomme gjennom følgjande utsagn frå SVV:

Merknaden frå kommunen om fleire busslommer for skolebuss imøtekommes ved at det reguleres inn holdeplasser ved Høve og ved Moen. Her vil veglommer av dagens E16 egne seg til østgående skolebussar. I disse områdene er det ikke behov for holdeplasser til vestgående skolebussar, da de kjører Ellestadvegen vestover

Dersom situasjonar med nye busettingar osv. endrar seg, er det mogleg å kunne søkje om «strekningssvise utbedringstiltak» eller midler frå andre postar hjå SVV som gjer det mogleg å opparbeide konkrete busslommer i ettertid.

Punkt 3:

Kommunen såg problemet med at JVB ikkje ville akseptere opprinneleg forslag til busslomme ved Lomen stavkyrkje. Dette gjorde at ein foreslo fleire ulike løysingar for å ivareta skulebuss for vidaregåande opp Ellestadbygda, samtidig som ein sikra tosidig busslomme og ein enklare løysing totalt sett.

Imidlertid ser ein poenget som SVV tek opp med ny løysing som kobler på Ringestadvegen. Dette er positivt, og ein løyser fortsatt utfordringane med skulebuss/buss stopp. Ein anser dermed punkt 3 i kommunens vedtak som løyst.

Punkt 4:

Det legges opp til asfaltering av 1 meter av utvida skulder, dette gjeld både einssidig skulder i Lomen samt det utvida skulder på 1 meter på begge sider frå Kvåle til Løkje.

Dette vart diskutert i møte som administrasjonen og ordfører hadde saman med SVV, og det er tydeligvis så langt SVV er villig til å strekke seg for ein minneleg ordning. Administrasjonen tilrår å akseptere denne løysinga, då dette uansett er eit betre alternativ enn opphavleg forslag. Breidda er uansett større, samt asfaltert ut ein meter, slik at gåande vil kunne nytte breidda fullt ut på ein enkel måte.

Når det gjeld andre innspel frå private oppsittarar/busselskap og andre offentlege styresmakter er dette ikkje noko administrasjonen tek ein full gjennomgang av då alle desse uansett er vurdert gjennom merknadsskrivet til SVV.

Oppsummert finn administrasjonen at denne planen har vore til dels utfordrande, særskilt med tanke på gode samanhengande løysingar for mjuke trafikantar. Imidlertid har SVV vist vilje til å sjå på løysingar for dei mest sårbare strekningane. Dette skal dei ha skryt for, så får ein tru denne prosessen med «Valdresmodellen» har gjeve SVV meir input på å finne meir samanhengande løysingar for mjuke trafikantar i fremtida på slike strekningar som hos oss i Vestre Slidre, der E16 i praksis og er ein lokalveg. Det er og mindre aktuelt med samanhengande gang- og sykkelveg grunna lite busetting, men det er like fullt eit behov for å kunne ferdast trygt etter vegen.

Administrasjonen tilrår at planen vert vedteke slik den no ligg føre med dei tilpasningar som er gjennomført.

Forslag til vedtak:

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner reguleringsplan for E16 Hålimoen - Hausåker slik den ligg føre på den delen som ligg i Vestre Slidre kommune, det vil seie frå Hausåker til Vang grense. Vedtaket er gjort i mehald av plan- og bygningslova § 12-12.

Kommunestyret 18.02.2021:

Behandling:

Endra forslag til vedtak, foreslått av Martin Sæbu,

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner reguleringsplan for E16 Hålimoen - Hausåker i Vestre Slidre kommune, med unntak av delstrekningen mellom profil 16100 til profil 16500 hvor det foreligger innsigelse fra Riksantikvaren. Vedtaket er gjort i mehald av plan- og bygningslova § 12-12 og §12-13.

Tilleggsforslag 1, foreslått av Haldor Ødegård, Senterpartiet

Vestre Slidre kommunestyre oppmodar Statens Vegvesen til å utføre ytterlegare forbetringar for mjuke trafikantar gjennom praktiske tilretteleggingar i byggeprosessen, for å auke trafikktryggleiken. Dette inkluderer belysning på busshaldeplassar.

Med bakgrunn i nye opplysningar la kommunedirektør fram endra forslag til vedtak.

Endra forslag til vedtak: Samrøystes

Tilleggsforslag 1: Samrøystes

Samla vedtak med tillegg: Samrøystes.

KS- 003/21 Vedtak:

Vestre Slidre kommune eigengodkjenner reguleringsplan for E16 Hålmoen - Hausåker i Vestre Slidre kommune, med unntak av delstrekningen mellom profil 16100 til profil 16500 hvor det foreligger innsigelse fra Riksantikvaren. Vedtaket er gjort i mehald av plan- og bygningslova § 12-12 og §12-13.

Vestre Slidre kommunestyre oppmodar Statens Vegvesen til å utføre ytterlegare forbetringar for mjuke trafikkantar gjennom praktiske tilretteleggingar i byggeprosessen, for å auke trafikktryggleiken. Dette inkluderer belysning på busshaldeplassar.